



Hardine Hammernes

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2290 - 17/22895

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

17.08.2017

## Svar på førespurnad om fartsgrense 30km/t - Sjosidevegen

Teknisk drift syner til Dykkar e-post av 19.07.2017 vedkomande førespurnad om fartsgrense 30km/t i Sjosidevegen.

Teknisk drift vil få utført fartsmåling over ei tidsperiode i Sjosidevegen. Når det gjeld søknad om fartsgrense 30km/t oppfyller ikkje Sjosidevegen dei kriterier vegdirektoratet har satt for etablering av denne fartsgrensa. Fartsgrense 30km/t kan berre nyttast i tettbygde strøk og i sentrumsområder som til dømes Knarvik senter og i bustadfelt som Ikenberget, Kolås, Orresteinen og Såta. Bakgrunn for kriterier ligger i vegtrafikkloven § 6.

Vegtrafikkloven § 6: I Norge har vi to fartsgrenser, i tettbygde strøk skal ein ikkje kjøre fortare enn 50 km/t og utanfor tettbygde strøk ikkje fortare enn 80 km/t. Føresetnad for å kjøre i maks hastighet i dei respektive vegane, er at vegen sin oppbygging og forholda rundt den tilseier at slik fart er forsvarleg.

I vegtrafikkloven § 6 har førar plikt til å avpasse fart etter sted, føre, sikt- og trafikkforhold slik at det ikkje oppstår fare eller ulempe for andre. I vegtrafikklov § 3 skal alle som ferdast i og langs veg vise hensyn, være aktpågivande og varsom slik at det ikkje oppstår farer i trafikken. Vegtrafikkloven § 3 og § 6 vert, på lik linje som særskilt fartsgrense, handheva av politiet. Dersom enkelte bilistar har for høg fart i forhold til vegens tekniske stand bør dette meldast til politiet.

Sjosidevegen kjem under kategori utanfor tettbygd strøk. Fartsgrense 30 km/t kan difor ikkje innførast. Teknisk drift vil, ut i frå dei målingar vi får, vurdere om vi skal sette opp skilt om særskilt fartsgrense. Kva denne fartsgrensa vert vil avhenge av faktorar som til dømes trafikkende, talet på kommunale vegkryss og talet på private avkjørslar som er tilknytt vegen.

Med helsing

Rune Kilen  
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Mottakarar:**  
Hardine Hammernes